

BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1965

NR. 2

UNIVERSITETSFORLAGET
OSLO

Blyttia

Redaktør:

Førsteamanuensis dr. philos. Svein Manum, adresse: Institutt for geologi, postboks 1047, Blindern, Oslo 3. Manuskripter sendes til redaktøren.

Redaksjonskomité: Rektor Gunnar A. Berg, disponent Halvor Durban-Hansen, professor Georg Hygen, førstebibliotekar Peter Kleppa.

ABONNEMENT

Medlemmer av Norsk Botanisk Forening får tilsendt tidsskriftet. Abonnementspris for ikke-medlemmer kr. 30,— pr. år. Enkelthefter og eldre komplette årganger kan bare skaffes i den utstrekning de er på lager når ordre innkommer. Priser, som kan endres uten forutgående varsel, oppgis på forlangende.

Abonnement anses løpende til oppsigelse skjer, hvis ikke opphørsdato er uttrykkelig fastsatt i bestillingen.

Alle henvendelser om abonnement og annonser sendes

UNIVERSITETSFORLAGET, postboks 307, Blindern, Oslo 3.

Annual subscription US \$5,—. Single issues and complete volumes can only be obtained according to stock in hand when the order is received. Prices, which are subject to change without notice, are available upon request. Correspondence concerning subscription and advertising should be addressed to:

UNIVERSITETSFORLAGET, P.O. Box 307, Blindern, Oslo 3, Norway

Norsk Botanisk Forening

Styre: Professor Eilif Dahl (formann); førsteamanuensis Svein Manum (viseformann); forskningsstipendiat Jon Kaasa (sekretær); amanuensis Per Sunding (kasserer); arkitekt Elin Conradi; gravør Halfdan Rui.

Nye medlemmer tegner seg hos sekretæren, adresse Botanisk Museum, Trondheimsvn. 23 B, Oslo 5; for Trøndelags vedkommende kan en henvende seg til Botanisk Avdeling, Vitenskapsselskapets Museum, Trondheim; for Vestlandets vedkommende til Universitetets Botaniske Museum, postboks 2637, Bergen; for Rogalands vedkommende til provisor Fredrik H. Fladmark, Leif Dietrichsons gt. 16, Stavanger; og for Sørlandets vedkommende til lærer Ingvald Haraldstad, Ole Bulls gt. 17, Kristiansand S. All korrespondanse om medlemskap sendes sekretæren eller lokalforeningene. — Kontingenten er kr. 15,00 pr. år; for husstandsmedlemmer og studenter kr. 5,00, disse får ikke tidsskriftet.

Medlemskontingent sendes til hovedforeningens kasserer eller til lokalforeningen.

Hovedforeningens kasserer har adresse: Amanuensis Per Sunding, Botanisk Museum, Trondheimsvn. 23 B, Oslo 5. Innbetalinger bes sendt over foreningens postgirokonto nr. 131 28.

Noen opplysninger om *Potamogeton crispus* L.

NEW DATA ON *POTAMOGETON CRISPUS* L. IN NORWAY

Av

OLAV M. SKULBERG

Potamogeton crispus L. ble funnet på fem nye lokaliteter på Jæren sommeren 1964. Disse var: Frøilandsvatn i Time kommune, og Roslandsåen, Horpestadvatn, Horpestadkanalen og Orrevatn i Klepp kommune. Alle disse vokseplassene ligger i det samme vassdraget som munner ut i havet med Orre-elva. Med de tre tidligere rapporterte vokseplassene på Jæren (Braarud 1937, Rørslett 1964), viser dette at *Potamogeton crispus* har en forholdsvis vid regional utbredelse i Rogaland. Det kan være av interesse å nevne at to av de nye lokalitetene representerer elver, og at det er de første vokseplasser i Norge hvor planten er funnet i strømmende vann.

På de fire førstnevnte lokalitetene var det frodig bestand av arten. I Orrevatn ble det bare observert løsrevne eksemplar drivende ved stredene. Imidlertid ble ikke bunnvegetasjonen i denne innsjøen spesielt undersøkt. Det var vegetative stadier av planten som ble funnet på alle vokseplassene.

I tabell I er kjemiske analyseresultater for vannprøver innsamlet i vassdraget stilt sammen. For sammenlikningens skyld er tilsvarende analysedata fra Mosvatnet i Stavanger, hvor *Potamogeton crispus* lenge har inngått i vegetasjonen, blitt ført opp i tabellen. Med unntak for konsentrasjonene av plantenæringssaltene ligger resultatene innenfor de hydrokjemiske amplityder som er angitt av Rørslett (1964 p. 127). Enkeltanalyser av kjemiske komponenter er lite egnet for karakterisering av vekstmulighetene i akvatiske lokaliteter.

Vegetasjonen i Orrevassdraget er frodig, og kravfulle arter er bestanddannende. Vannmassene er næringsrike, og gjødslingspåvirkning av forurensninger (inkludert jordbruksavrenning) må antas å være en hovedårsak til denne eutrofe tilstand.

Av rapporterte vokseplasser for *Potamogeton crispus* i Norge kan det være grunn til å nevne noen som har ført en bortgjemt tilværelse. Det gjelder f. eks. de to lokaliteter «strøket ved Horgen og Stenberg» i Dramselva og «Fiskumvand, Dørja og Vestfoselven ovenfor Vest-

Tabell 1.

Kjemiske analyseresultater for vannprøver innsamlet 1. juni 1964.
Chemical data of water samples collected 1 June 1964.

| Komponent Lokalitet | pH | El. ledn. evne, κ_{20} $\text{ohm}^{-1} \cdot \text{cm}^{-1} \cdot 10^{-6}$ | Farge mg Pt/l | Turbi- ditet mg SiO_2 /l | Orto- fosfat $\mu\text{g P/l}$ | Nitrat mg N/l | Jern mg Fe/l |
|-------------------------|-------|--|------------------|---|--------------------------------------|------------------|-----------------|
| Frøilandsvatn | 7,5 | 91 | 84 | 14 | < 1 | 0,03 | 0,11 |
| Roslandsåen | 6,7 | 105 | 79 | 10 | 2,5 | 0,03 | 0,14 |
| Horpestadvatn | 7,6 | 157 | 107 | 15 | < 1 | 0,002 | 0,17 |
| Orrevatn | 7,6 | 160 | 58 | 10 | < 1 | 0,04 | 0,08 |
| Mosvatnet (2/6 1964) | ca. 7 | ca. 150 | 163 | 10 | 4 | — | 0,05 |

fossen» (Schmidt-Nielsen & al. 1915, pp. 134 og 135). I floralistene er arten angitt som «almindelig» på disse strekningene. Den høyere vegetasjon i Fiskumvatnet har vært spesielt undersøkt (Eknes 1949). Slekten *Potamogeton* var da representert med artene *P. alpinus*, *P. gramineus*, *P. natans*, *P. perfoliatus* og *P. praelongus*. *Potamogeton crispus* ble ikke funnet.

I 1959 ble begge de nevnte lokalitetene undersøkt med hensyn til biologiske forhold (Norsk institutt for vannforskning 1961, p. 34). Heller ikke i denne sammenheng ble *Potamogeton crispus* funnet i vegetasjonen i disse områdene. Det trengs imidlertid grundigere undersøkelser til for å kunne konstatere om *Potamogeton crispus* ennå kan finnes, og det bør bli en spennende jakt for interesserte botanikere.

Spesielt eiendommelige er eventuelle vokseplasser for *Potamogeton crispus* som er angitt i Finnmark. Det dreier seg om lokaliteter i nedbørfeltene til Altaelv (Varga 1935, p. 131) og Lakselv (Varga 1936, p. 373). Innsjøen Rastiluobbal i Fielbmaelv, som er side-elv til Lakselv, blir karakterisert som en oligotrof lokalitet. *Potamogeton crispus* skal her være funnet sammen med *Myriophyllum demersum* (skal det være *Ceratophyllum demersum*?) i sublitorale samfunn. Et forlatt elveleie av Altaelv, ca. 100 m o. h., inneholder en vannsamling som er beskrevet som noe eutrofiert. Her skal *Potamogeton crispus* være funnet som bestanddannende plante. Det er kanskje grunn for mistanke om feilbestemmelse i disse tilfellene; det bør derfor bli gjort undersøkelser for å få forholdet avklart. De interessante vegetasjonsforhold i eutrofe innsjøer i Finsk Lappland (Samuelsson 1934, p. 145) tiltrekker seg mye oppmerksomhet fra botanisk hold (Kotilainen 1954, pp. 141–156). Det kan i denne sammenheng være grunn

til å nevne at *Sagittaria sagittifolia* nylig er funnet i Pasvik (Økland 1962, p. 168). Undersøkelser av vegetasjonsforholdene i eutrofe innsjøer i Finnmark er en påtrengende oppgave.

Det er publisert enkelte opplysninger om formeringsforholdene til *Potamogeton crispus* i Norge som kan gi feilaktige forestillinger (Lid 1952, p. 64; Rørslett 1964, p. 128). Arten skal ikke være funnet med blomster, eller modne frukter skal ikke være påvist. Da den høyere vegetasjon i Steinsfjorden ble undersøkt i 1936 (Baardseth 1943, p. 38), utviklet *Potamogeton crispus* blomster. Det kom imidlertid ikke til dannelse av modne frukter. Årsaken til dette er angitt som at blomsterstandene ikke klarte å heve seg opp over vannflaten, noe som antakelig er nødvendig for å sikre pollinering.

Når det gjelder Borrevatnet, som er den lokaliteten på Østlandet hvor *Potamogeton crispus* har størst forekomst, så er både blomstring og fruktsetting observert. Sommeren 1955 ble de første blomstrende eksemplarer av arten funnet i begynnelsen av juli, og i løpet av denne måneden hevet artens blomsterstander seg over vannflaten på de fleste vokseplassene i innsjøen. Fruktsetting kom istand, og i begynnelsen av august kunne modne steinfrukter innsamles (Skulberg 1957, p. 103). Fotografiene i figur 1 viser lengdesnitt og tverrsnitt av fruktemner i en blomst av *Potamogeton crispus* fra Borrevatnet. Fruktemnets tverrmål er ca. 0,6 mm.

Selv om formering og spredning av *Potamogeton crispus* vel for det vesentligste er knyttet til turioner og andre vegetative deler, så er kjønnet formering også mulig under våre klimaforhold. Som for så mange av blomsterplantene i akvatisk vegetasjon er det behov for grundigere studier av også denne artens livsutfoldelse i vår natur.




Fig. 1. Fruktemner i blomst av *Potamogeton crispus* fra Borrevatnet.
Lengdesnitt til høyre, tverrsnitt til venstre.
Gynoeceium in flower of Potamogeton crispus from lake Borrevatnet.
Longitudinal and transverse sections.

ENGLISH SUMMARY

Five new finds of *Potamogeton crispus* L. are reported from Rogaland, South West Norway. Chemical characteristics of the water from the localities are given (Table 1). Attention is directed to three old records in the literature about the occurrence of the species in Norway. It is emphasized that *Potamogeton crispus* can reproduce sexually in Norwegian inland waters.

Litteratur

- Baardseth, E., 1943: A study of the vegetation of Steinsfjord, Ringerike. — Nytt Mag. Naturv. 83: 9–47.
- Eknes, T. H., 1949: En undersøkelse av den høyere vegetasjon i Eikeren og Fiskumvatnet. — Hovedfagsoppgave i botanikk, Universitetet i Oslo (upublisert).
- Kotilainen, M., 1954: The Stratiotes lakes in Kittilä (Finnish Lapland) as a floristic and quaternary problem. — Bot. Tidsskr. 51: 141–156.
- Lid, J., 1952: Norsk flora. — Oslo.
- Norsk institutt for vannforskning, 1961: Undersøkelse av forurensningen i Dramselva i 1959. — Oslo.
- Rørslett, B., 1964: *Potamogeton crispus* L. og to funn på Jæren. — Blyttia 22: 123–130.
- Samuelsson, G., 1934: Die Verbreitung der höheren Wasserpflanzen in Nord-Europa. — Acta Phytogr. Suec. 6. Uppsala.
- Schmidt-Nielsen, S., & H. Printz, 1915: Drammenselvens forurensning ved tremasse-, cellulose- og papirfabrikkerne 1911 og 1912. Biologiske og kemiske undersøkelser. — Kristiania.
- Skulberg, O., 1957: Borrevannet, en eutrof innsjø i Vestfold fylke. — Hovedfagsoppgave i botanikk, Universitetet i Oslo (upublisert).
- Varga, L., 1935: Beiträge zur Limnologie und zur Kenntnis der Rotatorien-Fauna des norwegischen Lapplandes. I. Limnologisches und Rotatorien aus der Umgebung des Alten-Fjordes. — Arch. Hydrobiologie 29: 130–136.
- Varga, L., 1936: Idem. II. Limnologisches und Rotatorien aus der Umgebung des Porsanger-Fjords. — Ibid. 30: 371–378.
- Økland, J., 1962: Pilblad (*Sagittaria sagittifolia* L.) funnet i Pasvik, samt litt om vassdragsreguleringer. — Blyttia 20: 168–171.

Nye plantefunn frå Rogaland i relasjon til langdistansespreiing

NEW PLANT RECORDS FROM ROGALAND (SOUTH WEST NORWAY) IN RELATION TO LONG DISTANCE DISPERSAL

Av

KÅRE ARNSTEIN LYE

Rogaland har lenge vore eit botanisk lite granska område. Men i seinare tid er det gjort mange funn som ikkje har kome med i nokon flora — heller ikkje i Lids «Norsk og svensk flora» (Oslo 1963). Eg skal her omtala 31 arter som anten er nye for Vestlandet eller svært sjeldne der. Dei 15 siste plantene er spreidde med menneske og dei fleste er derfor bare kort omtalt — to av dei er nye for landet. Når funna ikkje er mine egne, er finnaren nemnd. Mange av plantene har eg funne saman med gardbrukar Ole Gabriel Lima. Eldre granskingar av floraen i Rogaland er gjort av Bryhn (1877), O. Dahl (1906, 1907), Hoffstad (1892, 1895), Murbeck (1855) og Wittrock (1868). Når det gjeld den subfossile flora, er området eit av dei best granska i Noreg (Fægri 1940 og 1953, Hafsten 1951, Holmboe 1903 og Stangeland 1900).

Under dei einskilde artene har eg stundom nemnt korleis eg trur plantene har kome til dei nye veksestadene, men først i den siste delen har eg freista gi grunnar for dette. Professor Eilif Dahl har gitt meg gode råd, og konservator Jon Kaasa og cand. mag. Finn Wischmann har hjelpt meg med kartarbeidet. Kaasa har også latt meg kopiera eit upublisert kart over utbreiinga av *Bidens cernua*. Elles takkar eg norske, svenske og danske musé for opplysningar om norske plantefunn. Dei botaniske muséa i Bergen og Trondheim har også sendt meg herbariemateriale av kritiske arter. Universitetslektor Kari E. Henningsmoen har gitt meg opplysningar om upubliserte fossilfunn av *Ceratophyllum*.

1. *Myriophyllum spicatum* L. Akstusenblad.

Etter Lid (1963) er ikkje denne planten funnen på Vestlandet. Hoffstad (1892) har Frøylandsvatnet i Time som veksestad for han, men dette vert ikkje godteke av Lid då ein ikkje har herbariemateriale. *M. spicatum* veks nå i Vasshusvatn i Klepp herad. Grudavatn med Vasshusvatn er ei kjend botanisk gullgruve, som har vorte granska av

mange botanikarar. Det er derfor lite truleg at planten har vakse her svært lenge. Eg reknar han som ein ny innvandrar, som har vorte spreidd dit ved hjelp av fugl. Utreiinga av *M. spicatum* i Sør-Noreg er vist på fig. 1.

I Vasshusvatn har eg funne den sjeldne amerikanske vassplanten *Najas flexilis*. Det er nå femti år sidan planten sist vart sett i dette vassdraget. På om lag ein meters djup kan ein her finna halvmeterlange *Najas*-planter inne i tette felt av *Potamogeton gramineus*, *Myriophyllum alterniflorum* og *Callitriche hamulata*. Andre blomsterplanter frå dette vatnet er *Ceratophyllum demersum*, *Phalaris arundinacea*, *Potamogeton perfoliatus*, *Scirpus lacustris* og *Utricularia vulgaris*. Elles har Vasshusvatn ein særskild algevegetasjon, som kanskje kan gjera ende på fleire av desse blomsterplantene. Utreiinga av *Najas* i Noreg er vist på fig. 2.

2. *Potamogeton crispus* L. Krustjønnaks.

Denne sjeldsynte planten er etter Lid (1963) bare funnen viltvek-sande to stader på Austlandet. Elles reknar Lid at *P. crispus* er inn-planta ved Stavanger, men dette er truleg ikkje rett. Alt M. N. Blytt fann *P. crispus* ved Stavanger, men den nøyaktige finnestaden har han ikkje oppgitt. Så i 1930 vart planten funnen i Breiavatnet i Stavanger sentrum, men her hadde *P. crispus* kome inn med vann-liljer frå Frankrike året før. Nå har gartner Ingrid Lima funne arten igjen i Mosvatnet i utkanten av Stavanger. Det var truleg her M. N. Blytt fann *P. crispus* for om lag hundre år sidan. Og vi har ingen grunn til å tru at krustjønnakset er planta her. Mosvatnet låg den gong langt utanfor byen Stavanger. Også i dag er vatnet omgitt av ein naturleg vegetasjon. *P. crispus* har truleg kome til Stavanger og Noreg med fugl frå Mellom-Europa. Det kan vera ei frukt, ein vinterknopp eller ein stengelbit som har følgd med ein av dei mange tusen fuglane som mellomlandar i Mosvatnet på ferda frå vinter-kvartera lenger sør i Europa. I dei seinare år er *P. crispus* også funnen på Jæren. Sjølv har eg funne planten i Frøylandsvatnet ved Bryne i Time, og Rørslett (1964) har funne han i Vasshusvatnet i Klepp. Skulberg (1965) har funne *P. crispus* på fire andre stader i Klepp herad. Nyleg er planten også funnen ved Bergen.

Det er ikkje få problem som møter ein botaniker i vassplantenes utbreiing. Vi veit ikkje ein gong sikkert om *P. crispus* er sjeldsynt på Jæren, heller ikkje om han er ein ny innvandrar. Vatna på Jæren er ennå ikkje godt granska, og sjølv om botanikarar har vitja eit vatn, er det på ingen måte sikkert at dei har funne alle plantene som veks der. Såleis har både Rørslett og eg botanisert ved Vasshusvatnet. Eg fann *Najas flexilis*, *Myriophyllum spicatum* og *Ceratophyllum*

Fig. 1. *Myriophyllum spicatum* L. i Sør-Noreg. Dårlig blomstring kan være årsak til at planten er funnen på så få stader i seinare år.

Myriophyllum spicatum L. in South Norway. Symbols (from top to bottom in legend): Records after 1945; records 1920-1945; records from before 1920; excluded stations. — The scarcity of recent records may be due to poor flowering. *M. spicatum* is also found in northern Norway.





Fig. 2. Slekt *Najas* L. i Noreg. The genus *Najas* L. in Norway. Symbols: *Najas flexilis* (Willd.); fossil records; *Najas marina* L.; fossil records; fossil records of both species.



demersum, medan Rørslett fann *Potamogeton crispus*. Ingen av desse sjeldne plantene vart funne av oss begge. Rørslett fann elles *C. demersum* i Grudavatnet, der eg ikkje har funne han. Dette viser kor vanskeleg det kan vera å finna mange vassplanter, og vi må vera varsame med å dra slutningar om deira utbreiing. Dersom planten er ein ny innvandrar, har han då kome frå Stavanger eller frå Mellom-Europa? Dette er spørsmål som bare kan svarast med gissingar.

Utbreiinga av *P. crispus* og *P. lucens*, som har ei liknande utbreiing i Noreg, er vist på fig. 3. To andre *Potamogeton*-arter, *P. praelongus* og *P. obtusifolius*, har ei liknande utbreiing i Sør-Noreg, men dei finst også i Nord-Noreg. To andre vassplanter, *Ceratophyllum demersum* og *Myriophyllum spicatum*, med ei liknande utbreiing i Sør-Noreg finst også i Nord-Noreg. Dette er alle planter som set store krav til næringstilhøva i vatna. Men for utbreiinga av *P. crispus* og *P. lucens* spelar truleg også dei klimatiske forholda ei stor rolle. *Butomus umbellatus*, som også har ei austleg utbreiing i Noreg, veks i til dels store mengder ved Mosvatnet, og planten ser ut til å vera i spreing. Brudelyset har i alle fall vakse i Stavanger i 65 år. Denne vakre planten er truleg innplanta, men noko sikkert veit vi ikkje. Heilt usannsynleg er det heller ikkje at også denne planten kan ha kome til Stavanger med fugl frå sørlegare stader.

3. *Alisma plantago-aquatica* L. Vassgro.

Etter floraen er denne arten ikkje kjend mellom Sør-Audnedal i Vest-Agder og Skåre ved Haugesund. I røynda er ikkje *Alisma* lenger nokon sjeldsynt plante på Jæren. Eg har sett vassgro ved Brusand i Ogna, Frøylandsvatnet i Time, Horpestadvatnet i Klepp, Store Stokkavatn i Madla og Mosvatnet i Stavanger. Denne planten har fått sær gode tilhøve i ny tid på grunn av auka næringstilførsel i elvedrag og vatn etter den kraftige gjødslinga som jærboendene nå har drive i mange år. Sjølv om *Alisma* har vorte vanlegare på Jæren i dei siste åra, har nok planten vakse her i lang tid. Subfossile delfruktar av *Alisma* er også funne på Jæren, og det kan såleis tenkjast at planten har høyrte til vår ville flora i mange tusen år. Bryhn (1877) og Hoffstad (1892) skreiv begge at planten var sjeldsynt på Jæren.

4. *Bidens cernua* L. Nikkebrønslé.

Eg har tidlegare (Lye 1963) skrive om førekomsten av *Bidens cernua* på Orre i Klepp. Sidan den gong har eg funne han i store mengder ved Søylandsvatnet i Nærbo. Denne planten er ny for Vestlandet. Utbreiinga av *B. cernua* i Noreg er vist på fig. 4.

Fig. 3. *Potamogeton lucens* L. og *Potamogeton crispus* L. i Noreg. *P. praelongus* Wulf. og *P. obtusifolius* Mert. & K. har ei liknande utbreiing i Sør-Noreg men veks og i Nord-Noreg. Alle desse artene veks bare i eutrofe vatn.

Potamogeton lucens L. (dots) and *Potamogeton crispus* L. (squares) in Norway. *P. praelongus* Wulf. and *P. obtusifolius* Mert. & K. have a similar distribution in South Norway but occur also in northern Norway. All these species are restricted to eutrophic lakes.





Fig. 4. *Bidens cernua* L. i Noreg. Kart etter Jon Kaasa (upublisert). Funna lengst i vest er forfattarens frå 1962 og 1963. *Bidens cernua* L. in Norway. Map after Jon Kaasa (unpubl.). The two westernmost records supplemented by the author.



5. *Bidens tripartita* L. Flikbrønsele.

Etter Lid (1963) er Nærbo den einaste veksestaden for denne planten i Rogaland, men eg har til nå funne han både ved Frøylandsvatnet i Time og Horpestadvatnet i Klepp. *Bidens*-artene vert lett spreidde med fugl, og sjansen for at fruktene skal nå høvelege veksestader er stor. Det var difor bare å venta at desse to artene skulle nå Jæren. Merkelegare er det at *B. tripartita* bare veks i små mengder mens *B. cernua*, som er sjeldnare elles i landet, har kolonisert store areal.

6. *Ceratophyllum demersum* L. Hornblad.

Rørslett (1964 a) har alt skrivne om førekomsten av *Ceratophyllum* i Grudavatnet i Klepp. Han fann nokre små og underutvikla eksemplar av planten, det største var bare sju cm langt. I det endå rikare Vasshusvatn kan ein finna store og velutvikla planter. *Ceratophyllum demersum* er ny for Vestlandet. I Lid (1963) er Skien oppgitt som vestgrensa for planten i Noreg. Utbreiinga av *C. demersum* i Sør-Noreg er vist på fig. 5.

Rørslett nemner elles at *Carex vesicaria* finst i store mengder ved Grudavatn. Dette er truleg ikkje rett, då *Carex vesicaria* knapt finst på Jæren, mens *Carex rostrata* veks i tette felt ved dei fleste Jærvatna – også ved Grudavatnet.

7. *Veronica beccabunga* L. Bekkeveronika.

Hoffstad (1892) har funne bekkeveronika i ei grøft ved Sandnes, men ein saknar herbariemateriale. Elles er ikkje denne planten kjend mellom Høvnåg i Aust-Agder og Moster i Hordaland. Eg har funne *V. beccabunga* to stader på Jæren. På Obrestad i Nærbo voks denne planten på fin-sand like i havkanten ved utlaupet av ein bekk. Andre planter her var *Ranunculus sceleratus*, *Catabrosa aquatica*, *Bidens tripartita* og *Carex lamprophysa*. Ved Søylandsvatnet fanst nokre få planter langs vasskanten innafor *Veronica anagallis-aquatica* sona. På begge desse stadene er det sannsynleg at frøa har kome inn med fugl.

8. *Veronica anagallis-aquatica* L. Vassveronika.

I Rogaland har lærar Gudrun Laland funne *Veronica anagallis-aquatica* ved ein bekk på Bjorland i Nærbo (herb. Oslo). Sjølv har eg funne store mengder av planten i Søylandsvatnet. Her kan vi faktisk tala om ei eiga vassveronika-sone innafor *Bidens*-beltet. Lid (1963) reknar *Veronica anagallis-aquatica* som viltveksande bare på Austlandet, der planten er funnen frå Våle og Hvaler nord til Nes i Hedmark. Fig. 6 viser at vassveronika er meir sjeldsynt enn floraen gir

Fig. 5. *Ceratophyllum demersum* L. i Sør-Noreg.

Ceratophyllum demersum L. in South Norway. Symbols: Recent records (after 1945); records 1920-1945; old records from before 1920; rejected stations (localization inexact); fossil records. — *C. demersum* is also found in northern Norway.





Fig. 6. *Veronica anagallis-aquatica* L. i Noreg. Nokre stader er planten tilfeldig innført.

Veronica anagallis-aquatica L. in Norway. Symbols: Recent records (after 1950); records 1930-1950; old records from before 1930. In some places casual.



uttrykk for. Bare på tre stader er planten funnen etter 1950. Dei fleste funna er svært gamle, og på dei fleste stadene har planten nå gått ut.

Det er vanskeleg å avgjera om denne planten i det heile høyrer til vår ville flora. Er han innført med fugl eller er han tilfeldig innført med menneske? Til Trøndelag har planten i alle fall kome med menneske. Derimot kan alle dei tre stadene planten er funnen etter 1950 vera naturlege veksestader, der fugl kan ha ført med seg fruktene. Kanskje er dette ein plante som er vanleg på ein stad eit år, for så å vera borte nokre år før han på ny blomstrar opp. I Søylandsvatnet var i alle fall oppblomstringa av denne planten veldig sommaren 1964.

9. *Barbarea stricta* Andr. Stakekarse.

Om denne arten vert det sagt at han ikkje finst på ytre Vestlandet. Eg har funne nokre få eksemplar av planten ved Frøylandsvatnet i Time, men arten har nå truleg døydd ut her. Hoffstad (1892) fann *B. stricta* i Hillevåg ved Stavanger. Dei klimatiske tilhøva på Vestlandet er truleg lite skikka for denne planten. *B. stricta* er til dømes svært sjeldsynt i Storbritania, der dei klimatiske tilhøva minner mykje om dei på Vestlandet. Også der vert planten stundom funnen utanfor sitt vanlege utbreiingsområde, men på slike stader går han ofte bort etter ei tid. *B. stricta* må derfor reknast som ein adventivart på ytre Vestlandet, sjølv om planten nok kan ha nådd hit utan hjelp av menneske.

10. *Hydrocotyle vulgaris* L. Skjoldblad.

På ein ekskursjon hausten 1963 fann gartner Ingrid Lima *Hydrocotyle vulgaris* på Orre i Klepp. På eit lite område var det ganske mykje av planten. Veksestaden er eit fuktig søkk mellom sanddynene, tre-fire hundre meter frå havstranda. *H. vulgaris* voks saman med *Carex flacca*, *C. oederi*, *Agrostis stolonifera*, *Pedicularis palustris* og *Parnassia palustris*. Planten var tidlegare ikkje kjend mellom Lista og Madla ved Stavanger. Wille (1915) meinte at denne planten hadde spreidd seg til Noreg direkte frå Danmark. *H. vulgaris* ved ytre Oslofjord skulle då ha kome dit i ny tid. Planten kan også ha kome til Jæren ved langdistansespreiing. *Hydrocotyle* vert ofte spreidd med ender (Ridley 1930), men då denne veksestaden ikkje ligg ved vatn, er slik spreiing kanskje tvilsam.

11. *Typha latifolia* L. Breitt dunkjevl.

T. latifolia er kjend frå tre stader på Vestlandet, mellom anna frå Høyland og Hetland i Rogaland. Eg har funne denne planten ved Søylandsvatnet i Nærbø. Elles veks *T. latifolia* også andre stader på

Jæren, men er der truleg innplanta. Også i Oslo-området er det vanskeleg å avgjera på kva stader denne planten er viltveksande. *Typha latifolia* vert ofte rekna som ein termofil art, men det er kanskje like mykje dei edafiske tilhøva som set grenser for ei vidare spreieing.

12. *Thalictrum flavum* L. Gul frøstjerne.

Denne planten vart funnen ved Hellestø hamn i Sola av fru Målfrid Valvik. *T. flavum* veks her i sprekker oppe i bratte berget saman med *Angelica archangelica*, *Holcus lanatus*, *Geranium sanguineum*, *Pimpinella saxifraga*, *Sedum rosea* og *Sanguisorba officinalis*. *T. flavum* står her så nær havet at han vert skadd av sjøråk ved kraftige pålandsstormar. *T. flavum* var tidlegare ikkje kjend mellom Kristiansand og Bergen. Fruktene av *T. flavum* vert etne av fugl, og planten kan såleis bli spreidd gjennom fugleekskrement. Men veksestaden ved Hellestø ligg så isolert til at ei slik spreieing er lite truleg. Eg trur heller at veksestadene er ein relikte frå ei tid då planten hadde ei meir samanhengande utbreieing i Noreg. Men det kan jo også henda at planten veks andre stader mellom Kristiansand og Bergen.

13. *Anemone hepatica* L. Blåveis.

A. hepatica er etter Lids flora bare kjend frå tre stader på Vestlandet, og bare frå Rennesøy i Rogaland. Sjølv om blåveisen er sjeldsynt på Vestlandet, er han nok ikkje så sjeldsynt som dette tyder på. Eg har funne rikeleg med blåveis i ein bratt sørvend bergvegg på Randøy i Fister. *A. hepatica* veks her på svært utilgjengelege stader nord-aust for Randa-gardane saman med *Asplenium adiantum-nigrum*, som her har fått ei ny indre grense i Rogaland. Andre planter frå Randa er *Sanicula europaea*, *Brachypodium silvaticum*, *Taxus baccata*, *Sorbus obtusifolia*, *Asplenium trichomanes*, *A. septentrionale* og hybriden *Asplenium germanicum*. Blåveis er elles også funnen på Talgje i Finnøy herad. Dei avsidesliggjande veksestadene tyder på at *A. hepatica* har kome til Vestlandet utan hjelp av menneske. Blåveisen veks nok også andre stader i Rogaland på dei basiske og lett vitrande kambro-siluriske bergartene.

14. *Bromus ramosus* Huds. Bergfaks.

B. ramosus var i Rogaland bare kjend frå Finnøy, som er sørgrensa for planten i Noreg. Bergfaks er ikkje særleg sjeldsynt i Hordaland, men elles i Noreg var bare to veksestader kjende. Planten har sikkert ei meir samanhengande utbreieing mellom Stavanger og Bergen. Det er nemlig få botanikarar som har funne vegen til Ryfylke (Danielsen og Fægri 1960). Eg har funne *B. ramosus* ved *Eupatorium cannabinum*-lokaliteten ved Liarhalsen i Fister. Andre planter her er *Luzula*

silvatica, *Allium ursinum*, *Brachypodium silvaticum* og *Campanula trachelium*, som her har fått ei ny indre grense for Vestlandet. På andre sida av Liarhalsen veks *Festuca altissima*, *Galium odoratum*, *Polygonatum verticillatum*, *Epipactis helleborine*, *Ilex aquifolium*, *Polystichum braunii* og *Hedera helix*.

15. *Centaurea pseudophrygia* C. A. Mey. Skjeggknoppurt.

Denne sjeldsynte planten er bare kjend frå åtte herad i Noreg, og dei fleste funna er svært gamle. *C. pseudophrygia* var truleg vanlegare i eldre tid, bare på to stader er planten funnen etter 1930. Etter Wendelbo (1957) hybridiserer *C. pseudophrygia* med den kultur-spreidde *C. nigra*, og denne hybriden (*C. lillefossei*) konkurrerer så ut den «reine» *C. pseudophrygia*. Eg har funne ein fin koloni av *C. pseudophrygia* på Sandanger i Fister. Her veks han kring småbuskar på ei kulturmark like ved vegen. *C. nigra* finst ikkje på denne marka, men veks fleire andre stader på Randøy.

16. *Monotropa hypophegea* Wallr. Snau vaniljerot.

M. hypophegea er i Rogaland bare kjend frå Oгна, der planten finst i mengder på sand i ein planta fureskog. Fru Hervor Bø skal ha funne planten på Revtangen i Klepp, også her veks vaniljerota i fureskog.

Dei fylgjande femten artene er alle innførte med menneske. Dei fleste er adventivarter, som i nokre tilfelle kan halda seg på ein stad i fleire år, men som ikkje er skikka til å breia seg vidare under våre klimatiske tilhøve. Dei to første artene derimot, *Epilobium adenocaulon* og *Lupinus nootkatensis*, er nå naturalisererte og har likesom *Matricaria matricarioides* og *Barbarea vulgaris* skaffa seg ein plass i Rogalands flora.

17. *Epilobium adenocaulon* Hausskn. Amerikamjølke.

I Europa vart *E. adenocaulon* først identifisert i Polen i 1917; i Noreg vart planten først funnen i Bergen i 1927 og ved Oslo i 1928. Inntil 1950 vart bare få nye funn gjorde, bortsett frå i Fana der planten truleg vart vanleg alt på 40-talet. Men så vart planten brått svært vanleg over store delar av Sør-Noreg. Mange stader er *E. adenocaulon* nå den vanlegaste mjølke-arten, og planten ser ut til å væra i rask spreieing framleis. Lid nemner tre lokalitetar for Rogaland. Eg har funne *E. adenocaulon* i mest alle herad på Jæren, frå Oгна i sør til Stavanger i nord og frå Klepp i vest til Høle i aust. Fig. 7 talar sitt tydelege språk om utbreieinga av *E. adenocaulon* i Noreg. I Finland har utbreieinga av denne arten vorte granska av Piispala (1964).

Fig. 7. *Epilobium adenocaulon* Hausskn. i Noreg. Første sikre funn: Bergen 1927.

Epilobium adenocaulon Hausskn. in Norway. Symbols: Recent records (after 1950); records 1940-1950; records from before 1940. First certain record: Bergen 1927.





Fig. 8. *Lupinus nootkatensis* Donn. i Noreg. Truleg naturalisert bare i sørvest. Opphavleg sådd eller forvilla frå hagar. *Lupinus nootkatensis* Donn. in Norway. Probably only naturalized in SW. Norway. Originally a garden-escape.



Elles må eg få understreka at rosetten vi finn hos *E. adenocaulon* ikkje er særigen for denne arten. Jamvel den vanlege krattmjølka (*E. montanum*) får ein slik overvintringsrosett ut på hausten.

E. adenocaulon er ikkje lenger bare ein ugrasplante. Planten finst nå i heilt naturlege plantesamfunn, ved bekker og vatn, på myr og fuktige marker, men vanlegast er han nok ennå i hagar og på avfalls-plassar.

Korleis skal ein forklara den raske spreieinga av planten i Noreg etter ein «kvileperiode» på om lag tjue år? (Fullt så brå, som herbariematerialet tyder på, var nok ikkje oppblomstringa, for det var først på 50-talet mange botanikarar lærte planten å kjenna.) Ein tilsvarande kvileperiode kan vi finna hos svært mange nyinnvandrandede planter. Eg trur denne kvileperioden er den tida planten treng til å skilja ut høvelege økotypar. *Epilobium adenocaulon* har ein så effektiv spreieingsmåte at planten elles burde ha kunna spreia seg mykje raskare i den første tida etter at han kom til Noreg. Ved Kristiansand har eg også funne *Epilobium glandulosum*, som er ein nær slektning av *E. adenocaulon*. *E. glandulosum* er tidlegare bare funnen i Bergen og Buvik.

18. *Lupinus nootkatensis* Donn ex Sims. Sandlupin.

Lid (1963) og Hermann (1965) opererer her med to arter. *L. nootkatensis* skal ha lange hår på stengelen, *L. perennis* skal vera nestan snau øvst. I røynda finn vi på det norske materiale alle overgangar frå korte til lange hår. Også andre kjenneteikn, slik som belglengda, varierer mykje. Eg meiner at alle norske planter av denne typen må forast attende til same art. Dette har Nordhagen gjort i sin flora (1940) under namnet *L. perennis*, som han på norsk kallar jærlupin. Eg er ikkje i stand til å avgjera kva som er det rette namnet på denne planten. I amerikanske floraer er ikkje *L. perennis* eingong nemnd som synonym — til tross for at Hermann (1956) oppgir Nordvest-Amerika som plantens heimstad. I Noreg er denne lupinarten funnen frå Ringsaker i Hedmark og langs kysten til Stjørdal i Nord-Trøndelag, men naturalisert er han vel bare i Rogaland. På dei sandete jernbaneskråningane finn vi her store felt med sandlupin. Opphaveleg var nok lupinen innplanta. På Jæren er *L. nootkatensis* nå vanleg også langs vegane, særleg nær havet. På sandtrendene på Jæren har vi somme stader ei eiga sone som vi kan kalla *Lupinus*-beltet mellom den ytre *Ammophila arenaria*-sona og det belte med planta fureskog som ligg innafør. Denne arten trivst best på stader med ikkje altfor varmt klima. Såleis er han i Storbritannia bare naturalisert i Skottland. *Lupinus nootkatensis* høyrer eigentleg heime

i Nord-Amerika, frå Aleutene og frå arktisk Alaska sørover til Vancouverøya (Hultén 1937). Utbreiinga av planten i Noreg er vist på fig. 8.

19. *Impatiens glandulifera* Royle. Kjempespringfrø.

Denne vakre planten frå Himalaya er bare kjend frå seks stader i Noreg. Ved Riska i Hetland har eg funne *I. glandulifera* naturalisert ved ein bekk. I. Lima har funne kjempespringfrø to stader ved Mosvatnet i Stavanger. Denne arten som også vert dyrka i hagar, har i dei siste åra spreidd seg raskt på fuktige stader ved elver og vatn i Mellom-Europa. I Storbritannia er han til dømes vanleg. Kanskje vil denne planten verta naturalisert mange stader også i Noreg.

20. *Sherardia arvensis* L. Blåmaure.

Denne planten var tidlegare bare kjend ein stad i Rogaland, nemlig Sola, der han vart funnen for meir enn femti år sidan. I ny tid har *Sherardia arvensis* blitt vanlegare, særleg som ugras i plenar. Eg har funne planten på Bryne i Time, der han nå har halde seg i tre år. Elles er *Sherardia* også funnen i Sola i ny tid. *Sherardia*-nøtter er vanlege som forurensing i plenfrø og kløverfrø, men planten har likevel ikkje klart å naturalisera seg i Rogaland. Klimaet her er truleg ikkje varmt nok for at blåmauren skal kunne klara seg i konkurransen med andre engplanter.

21. *Lonicera xylosteum* L. Ledved.

På ytre Vestlandet har ein ikkje funne denne planten viltveksande, men på Bryne i Time har han naturalisert seg på ein jernbaneskråning. På den varme og tørre jorda får planten gode vekstvilkår utanfor sitt eigentlige område. Til Bryne har planten truleg kome med jernbanen eller kanskje er frøa spreidde med fugl.

22. *Symphytum uplandicum* Nym. Mellomvalurt.

Dette er i røynda hybridene mellom *S. officinale* og *S. asperum*. Hybridene er særskild kraftige og ser ut til å vera meir konkurransesterke enn foreldreartane. Rogaland er ikkje nemnd som veksestad for denne valurten, sjølv om dette er den vanlegaste *Symphytum*-arten i fylket. Eg har mellom anna sett hybridene både i Time, Klepp, Madla og Stavanger.

23. *Imperatoria ostruthium* L. Meisterrot.

Dette er ein gammal medisinsplante som er svært sjeldsynt andre stader enn i ytre Hordaland. I. Lima har funne *I. ostruthium* på Amdal i Nedstrand. Denne veksestaden kan ein seia er ein naturleg

utlaupar av den i Hordaland. Holmboe (1918) meinte at dyrking av meisterrot tok slutt i det 19. århundre. Meisterrota må derfor anten være ein rest etter gammal dyrking på staden, eller ho kan ha spreidd seg i ny tid frå andre lokalitetar ved hjelp av menneske.

24. *Lysimachia punctata* L. Fagerfredlaus. 25. *Lathyrus tuberosus* L. Jordskolm. 26. *Anthemis ruthenica* MB. Vranggåseblom.

På Bryne i Time veks hageplanten *Lysimachia punctata* på jernbaneskråningen like ved *Lonicera xylosteum*-lokaliteten. Denne planten er tidlegare bare funnen forvilla i Sem i Vestfold. — A. E. T. Joa har funne *L. tuberosus* på garden sin på Joa i Sola. Her har planten nå halde seg i tre år på rad i kanten av ein åker. — O. G. Lima har funne *Anthemis ruthenica* både i Madla og ved Tananger i Sola.

27. *Dipsacus strigosus* Willd. Lodnekardeborre.

28. *Nicandra physalodes* (L.) Gaertn. Giftbær.

Desse to sjeldne adventivplantene har M. R. Sande funne på Joa i Sola. *Dipsacus strigosus* er tidlegare ikkje kjend i Noreg, mens *N. physalodes* er funnen seks stader mellom Oslo og Suldal.

29. *Veronica peregrina* L. Vandreveronika. 30. *Veronica hederifolia* L. Bergfletteveronika. 31. *Euphorbia lathyris* L. «Hagevortemjølke».

I Lima har funne desse tre plantene i Madlalia. *Veronica peregrina* er i Noreg tidlegare bare kjend frå Oslo. *Euphorbia lathyris* er ny for Noreg.

Merknader om langdistanse-spreiing.

Når vi i dag finn nye planter på stader som er godt granska av botanikarar, har vi lett for å tru at plantene på ein eller annan måte har kome inn ved hjelp av menneske. Det er rett nok at mennesket er den mest effektive plantespreiaren i våre dagar. Såleis er alle dei 15 siste plantene i lista ovanfor spreidde med menneske. *Epilobium adenocaulon* er eit godt døme på ein slik plante.

Vi må likevel ikkje undervurdere dei naturlege spreingsmåtane. Når det gjeld vassplantene trur eg at ei slik spreing kan være svært effektiv også over store avstandar. Det er få botaniske spørsmål det rår så stor usemje om som nettopp langdistansespreiing. Granskingar av det nye plantelivet på vulkanøya Krakatao er nyttige når det gjeld å forstå ei slik spreing (Backer 1929 og Ernst 1907). Elles er studium av frø og frukter og deira spreingsmåtar viktige (Backer 1961 og Ridley 1930). I samband med dei ulike overvintringsteoriar har det vorte spekulert mykje over problemet «langdistanse-spreiing». Harrison (1953) meiner å kunna forklara utbreiinga av ein del ame-


rikanske vassplanter i Storbritannia ved hjelp av langdistanse-spreiing med fugl. Men mange botanikarar er uvillige til å godta hans teorian, særleg etter at det har vist seg at eit par av dei irske plantene er ulike dei amerikanske. Dahl (1959) held vassplantene og dei halo-file strandplantene utanfor når han diskuterer utbreiinga av dei amfiatlantiske plantene.

Naturleg langdistanse-spreiing skjer oftast ved hjelp av vind, fugl og havstraumar. I sjeldnare høve vert slik spreiiing utført av elver eller andre dyr enn fugl. Endozooisk spreiiing med fugl er svært vanleg, men det er truleg bare ved epizooisk spreiiing at frukter og frø kan verta førte over store avstandar. Mange frukter har vedheng slik at dei kan hekta seg fast til fuglar og dyr (*Bidens*). Frukter av vassplanter har også vorte funne festa til fuglar, likeså fragment av vassplanter som kan veksa vidare når dei fell av. Ein mest meterlang stengel av *Potamogeton perfoliatus* vart ein gong funnen rundt hal-sen på ei and (Woodruffe-Peacock i Ridley 1930). Det har vist seg at stengeldelar av vassplanter har lett for å veksa vidare. Dei kan også tåla mykje tørke.

Andre frukter og frø vert spreidde i leir- eller gjørmeklumpar, som ofte kan setja seg fast på fugleføter. Det er særleg vassplanter som vert spreidde på ein slik måte. Alt Darwin (1859) granska søla som han fann på fugleføtene. På føtene til ei rapphøne (*Perdix perdix*) fann han 61 frukter og på ei anna 22. Frå ein stor gjørmeklump festa til foten av ei rapphøne, spirte det fram ikkje mindre enn 84 planter. Diasporane av følgjande planter er til dømes funne på fugle-føter: *Polygonum hydropiper*, *P. minus*, *Glyceria fluitans*, *Scirpus acicularis*, *S. maritimus*, *Juncus bufonius*, *J. compressus*, *J. articulatus*, *Limosella aquatica*, *Lythrum salicaria*, *Elatine hydropiper*, *Centaureium pulchellum*, *Glaux maritima* og *Veronica anagallis-aquatica* (Kerner i Ridley 1930). I særleg næringsrike vatn kan det ofte vera store mengder fugl, og sjansen for at nokre fuglar skal få med seg ei frukt i fjærdrakta eller innkapsla i gjørme på føtene, er her mykje større enn andre stader. Mange frukter held seg flytande heile vinteren, slik at spreiiing også kan skje om våren når trekkfuglane kjem tilbake. Alle vatna på Jæren der det veks sjeldne planter, har også eit svært rikt fugleliv. Spreiing med fugl som held seg mykje i vatn, er truleg sær effektiv, då desse fuglane har størst sjanse til å føra fruktene til same slag veksestader som morplanten hadde. Dei 11 første plantene i lista ovanfor er alle vassplanter eller planter som veks på våte stader, ved eller i næringsrike vatn. Bare to av plantene, *Alisma* og *Hydrocotyle*, har truleg vakse her i lang tid. Alle dei andre kan ha spreidd seg hit i ny tid; *Typha* med vinden, dei åtte andre med fugl.

Fig. 9. *Eupatorium cannabinum* L. i Noreg.

